



VOSS KOMMUNE

Kommunestyret

NVE
Postboks 53

6801 FØRDE

Vår ref
13/1198-7 21260/13

Etat/ avd. Saksbeh
STA GBE

Ark.
S11

Dykkar ref. Dato
09.12.2013

UTTALE - JORDALEN KRAFTVERK

Kommunestyret behandla i møte 28.11.2013 sak 87/13.
Det vart gjort følgjande

Vedtak:

Voss kommune viser til saksutgreiinga og vil tilrå at Tinfos AS får konsesjon til å byggje Jordalen kraftverk som omsøkt. Då utbyggingsområdet ligg i ein av innfartsportane til verdsarvområdet “ Vestnorsk Fjordlandskap” er det ekstra viktig at anlegget vert bygd med gode kvalitetar og får ei estetisk god utforming. Det er vidare viktig at alt utstyr/avfall frå anleggsfasen blir rydda opp og fjerna frå området når utbygginga er avslutta. I anleggsfasen vil det vidare vera viktig å unngå tilslamming slik at dei viktige leveområde for laks og sjøaure lengre nede i elva ikkje blir forringa.

Med helsing

Målfrid Sivertsen
Skr.

Vedlegg: Samla sak for utvalet